

## Utfisking i Vonavatnet 2018

- Garnfisket i 2018 vart starta 20. mai, og vart avslutta 7. oktober med totalt 344 garndøgn.
- Fokus dette året skulle vere å fiske opp mest mogeleg småaure sidan Sægrov meinte at mellomrøya var teken svært mykje av tidlegare år og behovet no var småaure spesielt.
- Organisert som dugnad med 10 hytteeigarar/andre i tillegg til Ola og Britt Kringlen. Hytteeigarane fiska med sine egne private garn i tillegg til nokre utlånte småmauska garn frå Utmarkslaget, mens Ola og Britt fiska med størsteparten Utmarkslaget sine garn på 13-19mm. Det vart også fiska med nokre få 26 og 29mm garn for å sjå utviklinga på auren, men for å ikkje beskatte den større auren for mykje, vart fiske inne ved elveosane begrensa.
- Utmarkslaget leigde inn Ingebrigt Tveite som fiska i tre døgn i beste gytetida helga 16-18. september
- Ei dugnadsgruppe på 3 personar frå Utmarkslaget samt underteikna, fiska i eit døgn på slutten av gyteperioden den 30. september.
- Det vart dessverre oppdaga eit umerka garn på ca 50mm maskevidde innafor Grønelia. Det var sett utan flottør sikkert for å skjule det mest mogeleg. Garnet som vart oppdaga, var heldigvis tomt for fisk sjølv om det måtte ha stått der over natta.

### • Antal oppfiska fisk

- På dugnad: 1544 fisk, av dette ca 50% småaure
- Innleigd i gytetida: 2878 fisk, av dette ca 80% dverg- og mellomrøye.
- Totalt: 4422 fisk.

Dette er det nest høgste antalet oppfiska fisk sidan vi starta, og totalt er det no fiska opp ca 24.500 fisk.

I dei større garna på 29mm vart det i å teke fisk på opp i 800 gram, men fiske med dei store garna vart med vilje halde på eit lite antall garndøgn.

### • Gratis utlån av garn plassert på Leite:

Det er ikkje registrert utlån av disse garna denne sesongen.

- **Vurdering av sesongen:**

Det har i år ikkje vore anledning for Harald Sægrov å utføre prøvefiske grunna nokre store prosjekt han organiserte andre stader. Men han vil svært gjerne komme tilbake neste år, og han utfører prøvefiske gratis for oss som vanleg.

Men vi har hatt jamnleg kontakt med Ingebrigt Tveite gjennom heile sesongen, og han har vidare helde Sægrov orientert om status. Sægrov og Tveite vurderer utviklinga framleis som god. Det vart sendt inn skjelprøver av nokre aurar på 700-800 gram, og desse viste ein betydeleg vekst dei to siste åra. Dette betyr at større aure har gått mykje over på fiskediett. Auren er jamt over raud i kjøtet og har god kondisjon. Dette er svært positivt. Fiske etter småaure vart stort sett vellukka då det i vår og sommarsesongen var om lag 50% aure i fangstane.

Av røye, er andelen av dvergrøye gått mykje opp. Dette var som forventa etter prøvefiske i 2017, og er svært positivt. Det betyr m.a at antalet mellomrøye er svært lågt. Det er dvergrøye som er mest aktuell mat for auren, mellomrøya er for stor til å beite på.

Deltaking av hytteeigarar og andre på dugnad kunne ha vore betre og utlån av garn kunne ha vore nytta, men det er muleg at den varme sommaren gjorde sitt til at folk ville prioritere andre ting i varmen ☐ ☐

- **Vidare arbeid**

Dunaden vert vidareført neste år, og underteikna vil fortsetje å organisere dette så langt tida strekk til.

Det er allereie gjort avtale med Ingebrigt Tveite om innleige i gytetida også neste år. Vi ser at det er fiske i gyteperioden til røya at ein får mest effektivt fiske på kort tid, og vi prøver å få til ekstra dugnad i denne perioden også i 2019. Fiske frå midt i juni til midt i august gjev lite utteljing, og vi legg ikkje ned for mykje arbeid i denne perioden

Kringla 28.02.19

Ola Kringlen